
Saksnr: 2021/47877-33
Saksbehandlar Tor Ivar Sandvik
Dato: 04.10.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse

Utdanningsprogrammet restaurant- og matfag

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse viser til vedtakspunkt 7, i sak om justering av opplæringstilbud for skuleåret 2021/22, 27.4.2021.

Hovudutval for opplæring og kompetanse registrerer at det er låge søkjartal til restaurant- og matfag samstundes som bransjen melder om stor trong for lærlingar. Utvalet vil peike på at nedgangen i søkjartal kan ha samanheng med koronapandemien som har råka restaurantbransjen hardt. Hovudutvalet vil difor at ein held fram rekrutteringsprosjektet for restaurant- og matfag i nært samarbeid med næringsliv og bransjeorganisasjonane med sikte på å auke søkjartalet framover. Det er difor viktig at utstyr ved skulane ikkje vert avhenda. I det vidare arbeidet bør administrasjonen sjå på moglegheitene for å kombinere ordinært tilbud innan restaurant- og matfag med vidaregåande opplæring for vaksne der det har vore vanskeleg å sikre eit stabilt RM tilbud over tid.

Rekrutteringsprosjektet vedtaket referer til er verbalpunkt i Hordaland fylkesting 12.12.2017.

Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg læreplass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobba fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse legg fram ein referatsak som viser korleis arbeidet med utdanningsprogrammet kan skisserast vidare, med mål om å auke rekruttering og gjennomføring for elevane.

Avdelingsdirektøren tek utgangspunkt i arbeidet som har vore gjort i prosjektet som fylkestinget i Hordaland initierte. Vidare legg direktøren til grunn rapporten som Rådgivende utvalg for rekruttering til mat- og måltidsbransjen har utarbeidd på bestilling frå Landbruks- og matdepartementet.

Avdelingsdirektøren tek sikte på å legge fram ei politisk sak for hovudutvalet i november 2021 som skal vise:

- Kunnskapsgrunnlag om gjennomføring i utdanningsprogrammet og rekruttering/elevsøking
- Identifisere utfordringar knytt til rekruttering
- Arbeids- og ansvarsdeling mellom skuleeigar, skule og bransje når det gjeld rekruttering, rådgiving/karriererettleiing og kompetanseheving
- I samanheng med sak om opplæringstilbud skuleåret 2022/23 vurdere:
 - tenleg tilbodsstruktur/dimensjonering av restaurant- og matfag
 - Alternative opplæringsmodellar